

ÅRSMELDING 2005

Osterøy Oil Handballgruppa

Årsmøte for meldingsåret 2005 vart halden 2.2.05 og styret i handballgruppa fekk fylgjande samansetjing:

leiar.	Tony Lillefossevald ny for 1 år	
nesteleiar /		
økonomiansvarleg:	Atle Bøe	vald ny for 1 år
kasserar:	Laila Borge	vald ny for 2 år
skrivar:	Eli Hole	ikkje på val
styremedlemar:	Kari Hestnes, Kjell Gjøstein, Anders Eriksen og Berit Langeland som vart vald ny for 2 år. Øvrige styremedlemmar var ikkje på val.	

Valnemnda har bestått av Mona Skrolsvik, Amund Bleikli og Sonja Hansen. Sportsleg leiar har i år som i fjor vore Åshill Fredriksen.

Styret har hatt i meldingsåret 4 styre møter og har handsama 31 saker. Som leiar for handballgruppa er leiar automatisk styremedlem i hovudlaget og har tatt del i møta hovudlaget har hatt.

Handballgruppa har hatt 135 medlemmar og har delteke med 11 lag i seriespel, derav eit damelag. Damelaget har inngått avtale med Osterøy Aktiv om bruk av klister på trening / kampar og laget har påtatt seg reinhald etter treningane / kampane for å fjerne restar etter klisterbruken.

Auka lag i seriespel har og ført til auka behov for trenarar. Der har me har fått god hjelp av eldre medlemmar som har teke hand om og trent dei yngste partia. Sportleg leiar har og fått ein ikkje ubetydeleg auka arbeidsmengde på dei fleste felt men spesielt gjeld det omberamming av kampar. Me har og auka antal heimekampar som fører til auka press på dei som organisera kampavviklinga. Alle har gjort ein formidabel jobb og me har merka ein auke i publikum tala som igjen har ført til auke av inntektene slik at me har stort sett har klart å dekke inn påløpne utgifter på kampane.

I år som i fjor deltok me på "Tusse" cup kor gutar 14 kom heim med det gjevaste trofeet.

Me har fått utdanna eigne dommarar dette året og dei er allereie er i gong med dømning på heimekampane. Dette er med på og få ned domarutgiftene noko som kjem handballgruppa til gode. Sparte utgifter gjer sitt til at me kan bruke meir til positiv aktivitet for eigne medlemmar.

Leiar vil til slutt også i år retta ein stor takk til alle som stiller opp og bruker av fritida på frivillig arbeid slik at me kan frå fremje og tilretteleggje positiv handballaktivitet i og utanfor Osterøy Hallen.

Lonevåg 11.2.06

Tony Lillefosse
leiar

ØKONOMIRAPPORT 2005/2006

Handballgruppa hadde i 2005 ein omsetnad på om lag 270.000.-
Med stor auke i påmeldte lag var det flott at kampavviklinga framleis er god.
Dette fører til god auke i billettinntekter og sal under kampane.
Treningsavgifta auka også med fleire aktive.
Hovudsponsor vart klar på slutten av året og medførte kr. 20.000.- ekstra
fakturert i desember.
Elles vart tilskot frå hovudlag(idrettsrådet) monaleg større enn i 2004.
Lotteriet er godt gjennomført, men her ligg inne inntekter også frå 2004/2005.

Det er brukt mindre på utstyr i påvente svar på søknader om tildeling av drakter.
Utgifter på dommarutvikling kjem først med på 2006.
Utgifter til trenarsamarbeid med Bjørnar likeså.

Det må reknast med litt tap på arenareklamesponsorar. Å få full dekning av
sponsorar på flaggveggen er eit arbeid som pågår heile tida.
I tillegg er det alltid nokon som sluttar på trening slik at det vert litt tap på
treningsavgift.

Vedr. hovudsponsor må ein ta ein skikkeleg oppgradering av alt utstyr.
Herunder nye og gamle draktsett som skal kompletterast med rett antall og
utskifting av slitt materiell.
Rette og like logoar skal på alle draktsetta.
Dette er utgifter som kjem i år då logoar m.m. tar tid å laga.
Fleire låsbare kassar nede i hallen må til for å frigje plass på bod tribune.

Det er derfor foreslått å bruka det meste av overskotet frå i fjor til å dekke
utgifter som kjem i år, men som ikkje er faste driftsutgifter som kjem i seinare
budsjetår.

Ein forventta kontantbeholdning på nærmare kr. 200.000.- pr. 31/12-06 er nok.
Alle budsjett skal gå i balanse, men 2005 er så spesielt at me vel å sjå 2005 og
2006 i lag med kvarandre. Me vil bruka alle inntekter til å få ein best mulig
satsing, og likevel få budsjettet for 2007 til å gå i balanse dersom dette heldt
fram neste år.

På denne måte skulle økonomien og satsinga vår gå godt saman.

Atle Bøe



Innkalling til ÅRSMØTE i Osterøy IL Handballgruppa
tysdag 14.2.06 kl. 1900 i klubbhuset.

Saksliste:

1. Godkjenning innkalling, val av ordstyrar og skrivar
2. Årsmelding
3. Budsjett og rekneskap
4. Val

mvh

Tony Lillefosse
leiar OIL Handballgruppa